



FJELLNETTVERKET

ÅRSRAPPORT 2023



VISJON

Levande og livskraftige fjellbygder

FORMÅL

Fjellnettverket er eit politisk nettverk, som skal vere pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdier i fjellområda gir grunnlag for utvikling og trivsel i fjellområda i Noreg.

STRATEGIAR

Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltakar og leverandør i regional- og nasjonalpolitiske diskusjonar

Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda

Fjellnettverket skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid.

Fjellnettverket kan iverksette eigne prosjekt og tiltak



MEDLEMMAR

Fjellnettverket hadde desse medlemmane i 2023:

Fylkeskommunar:

- Viken fylkeskommune
- Innlandet fylkeskommune
- Trøndelag fylkeskommune
- Vestfold og Telemark fylkeskommune

Regionråd:

- Regionrådet for Fjellregionen
- Midt-Gudbrandsdal regionråd
- Regionrådet Nord-Gudbrandsdal
- Lillehammer-regionen
- Regionrådet i Hallingdal
- Setesdal Regionråd
- Valdres Natur- og Kulturpark
- Vest-Telemarkrådet

Kommunar:

- Krødsherad kommune
- Nore og Uvdal kommune
- Rollag kommune
- Røros kommune
- Tinn kommune
- Vinje kommune
- Sigdal kommune



RÅDET

Rådet er Fjellnettverkets øvste organ. Det er medlemmane som oppnemner representantar med personlege vararepresentantar til rådet. Funksjonstida er fire år. Oversikta viser rådet for perioden 2020-2023.

Fylkeskommunar

Innlandet fylkeskommune: Aud Hove (Sp) og Hanne Velure (H)

Trøndelag fylkeskommune: Tone Våg (A) og Ingvill Dalsegg (H)

Vestfold og Telemark fylkeskommune: Per-Asbjørn Andvik (Sp) og Lina Bringsli (KrF)

Viken fylkeskommune: Olav Skinnnes (Sp) og Annette Lindahl Raakil (Sp)

Regionråd

Lillehammerregionen: Jon Halvor Midtmageli (Sp) og Anne Synnøve Østensen (Ap)

Regionrådet for Fjellregionen: Linda Døsen Stubsveen (Ap) og Kristin Langtjern (Ap)

Midt-Gudbrandsdal regionråd: Arne Fossmo (Ap) og Ole Tvette Muriteigen (Sp)

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal: Bjarne Eiolf Holø (Sp)

Regionrådet i Hallingdal: Heidi Granli (Ap) og Pål Rørby (Sp)

Setesdal Regionråd: Inger Lise Lund Stulien (Ap) og Jon Rolf Næss (Ap)

Valdres Natur- og Kulturpark: Odd Erik Holden (Sp) og Haldor Ødegård (Sp)

Vest-Telemarkrådet: Jarand Felland (Sp) og Halvor Homme (Ap)

Kommunar

Nore og Uvdal kommune: Jan Gaute Bjerke (Ap)

Krødsherad kommune: Knut Martin Glesne (Tverrpolitisk Bygdeliste)

Tinn kommune: Steinar Bergsland (H)

Rollag kommune: Viel Jaren Heitmann (Sp)

Vinje kommune: Nils Johan Svalastog Garnes (SV)

Røros kommune: Christian Elgaaen (SV)

Sigdal kommune: Anne Kristine Norman (Sp)



FJELLNETTVERKET

STYRET I FJELLNETTVERKET

I styret er det ein representant frå kvar fylkeskommune og fire representantar frå kommunane/regionråda. Styreleiar og nesteleiar blir valde for ein periode på to år. Styret i Fjellnettverket har hatt fire styremøte og handsama 39 saker.



Styreleiar: Olav Røssum (Sp)
Innlandet fylkeskommune



Nestleiar: Solveig Vestenfor
Regionrådet i Hallingdal



Olav Skinnes (Sp)
Viken fylkeskommune



Inger Lise Lund Stulien (Ap)
Setesdal regionråd



FJELLNETTVERKET



Per Asbjørn Andvik (Sp)
Vestfold og Telemark fylkeskommune



Odd Erik Holden (Sp)
Valdres Natur- og Kulturpark



Christian Elgaaen (Sv)
Røros kommune




Marit Bjerås (Ap)
Trøndelag fylkeskommune



VARAMEDLEMMAR TIL STYRET

Varamedlemmar til styret i prioritert rekkefølge:

1. Hanne Velure (H), Innlandet fylkeskommune
2. Lina Bringsli (KrF), Vestfold og Telemark fylkeskommune
3. Bjarne Eiolf Holø (Sp), Regionrådet Nord-Gudbrandsdal
4. Guri Heggem (Sp), Trøndelag fylkeskommune
5. Trond Kjetil Jore (Ap), Tinn kommune
6. Liv Margit Karto (H), Vestfold og Telemark fylkeskommune



Fjellkommunane som er medlem av Fjellnettverket er markert med gult og lysebrunt i kartet. I 2023 har Tor Arnesen sett på forskjellen mellom tilliggjande fjellkommunar og fjellkommunar. Styret i Fjellnettverket har avgjort at vi framover ikkje skil mellom desse to kategoriane og at dei får fellesnemninga fjellkommunar.



SEKRETARIAT

Sekretariatet i Fjellnettverket har kontor på Reiselivssenteret på Geilo. I 2023 har Fjellnettverket hatt to tilsette:

Kari Randen, dagleg leiar

Elin Halland Simensen, prosjektleiar for mat og reiseliv.

Viken fylkeskommune har hatt det administrative ansvaret, og bidrog med tenester som rekneskapsføring, IKT og nettløysingar. Dei tilsette var knytt til avdeling for distrikt og næringsutvikling i Viken fylkeskommune. Frå 1.1. 2024 høyrer Fjellnettverket administrativt til Buskerud fylkeskommune.

ADMINISTRATIV GRUPPE

Alle medlemmane i Fjellnettverket har ein administrativ representant. Dei administrative kontaktane har ansvaret for å formidle aktuelle saker frå Fjellnettverket inn i sin organisasjon og for å kome med innspel til saker og arbeid i Fjellnettverket.

- Viken fylkeskommune: Kjersti Morseth Hallerud
- Innlandet fylkeskommune: Torunn Kornstad
- Vestfold og Telemark fylkeskommune: Anne Skaug Nisi
- Trøndelag fylkeskommune: Turid Helene Vollmo
- IPS Nord-Østerdal: Silje Frogner Tangen
- Regionrådet i Hallingdal: Jan Olav Helling
- Regionrådet Nord-Gudbrandsdal: Frode Damstuen
- Midt-Gudbrandsdal regionråd: Irene Teige Killi
- Vest-Telemarkrådet: Anne Aasmundtveit
- Valdres Natur- og Kulturpark: Bente Lindahl
- Setesdal Regionråd: Rita Hansen
- Lillehammer-regionen: Henning Holmbakken
- Krødsherad kommune: Ellen Anne Svartbrenna Bye
- Rollag kommune: ikkje oppnemnt
- Tinn kommune Ikkje oppnemnt
- Vinje kommune: Thor Christiansen
- Nore og Uvdal kommune: Silje Ljøterud Bergan
- Sigdal kommune: Gunvor Synnøve Green
- Røros kommune: Mikael Schärer



AKTIV DELTAKAR OG LEVERANDØR I REGIONAL- OG NASJONALPOLITISKE DISKUSJONAR

Fjellnettverket har engasjert seg i saker i regional og nasjonal politikk som er viktige for fjellområda og medlemmane. I løpet av året har Fjellnettverket arbeidd med ulike saker for å fremje fjellområda sine interesser.

Innspel til jordbruksforhandlingane

Inntektsgapet mellom bønder og andre yrkesgrupper må tettast, meinte Fjellnettverket i sitt innspel til jordbruksforhandlingane, og tok til orde for at årets jordbruksoppgjær bør prioritere:

- Inntektsløft og ei tetting av inntektsgapet. Næringsutøvar i landbruket må ha same inntektsmoglegheiter som andre yrkesgrupper, og små og mellomstore bruk bør prioriterast
- Det må givast full kostnadsdekking for auka kostnader til handelsgjødsel, byggemateriale og energi.
- Med krav om dyrevelferd og mål om klima- og miljøtilpassingar til landbruket, må Landbrukets utbyggingsfond (LUF) styrkast.

Lenke til sak på nettsida til Fjellnettverket:

[Innspel til jordbruksforhandlingane - Fjellnettverket](#)

Inntektssystem fylkeskommunane

Forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane fra 2024, ein rapport frå ekspertutvalet som skulle sjå på inntektssystemet til fylkeskommunane, vart sendt på høyring i 2023.

Fjellnettverket hadde i sitt høyringssvar fokus på vidaregåande opplæring. Fjellnettverket meiner eit godt og variert vidaregåande tilbod over heile landet er svært viktig og sentralt for framtida til fjellbygdene. Dette er viktig for den



enkelte ungdomen, som på grunn av lite tilbud ofte står ovanfor valet mellom å flytte heimanfrå eller ta ei utdanning ein ikkje ynskjer. Mange vidaregåande skuler må legge ned utdanningsprogram på grunn av for få søkarar, men ungdomar i fjellområda ber om at det i større grad bør opnast for å oppretthalde eit variert og langsiktig tilbud slik at dei kan ta ei utdanning dei ynskjer og er motiverte for.

Konsekvensane av eit lite mangfald i tilbud om vidaregåande utdanning i distrikta er at ungdom flyttar ut av bygda. Fjellnettverket viste til demografiutvale si utgreiing (NOU 2020:15 Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene) som syner ei sentral utfordring for fjellkommunane: å skaffe tilgang på kompetent arbeidskraft. Ei årsak til dette er at utdanningsinstitusjonane i stor grad er lokaliserte i sentrale område. Eit høgt utdanningsnivå er viktig for å utvikle nye løysingar, innovasjon, og for ei berekraftig og grøn omstilling.

Fjellnettverket støtta ekspertutvalet sitt forslag om å endre fordelingsnøkkelen for kostnader knytt til reisetid. Me understreka at det er svært viktig å følge opp dette vidare, slik at ein vurderer om endringa i kostnadsnøkkelen får tilstrekkeleg effekt i distrikta. Det er større kostnader ved å oppretthalde eit godt vidaregåande tilbud i distrikta enn i sentrale strok.

Lenke til sak på nettsida til Fjellnettverket: [Inntekter til fylkeskommunane – god vidaregåande opplæring over heile landet - Fjellnettverket](#)

Sats på gode helsetenester i både bygd og by

Helsepersonellkommissjonen la I 2023 fram *NOU 2023: 4 Tid for handling – personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste*.

Helsepersonellkommissjonen er forankra i Hurdalsplattforma, og vart etablert i desember 2021. Oppdraget til kommissjonen var å gje ei heilskapleg og kunnskapsbasert vurdering av behova for personell og kompetanse fram mot 2040. I rapporten gjekk kommissjonen inn på tiltak for å utdanne, behalde og rekruttere tilsette i helse- og omsorgstenestene.

I høyringssvaret støtta Fjellnettverket Helsekommissjonen sitt syn på at forholdet mellom eldre og pleietrengande og sysselsette er aller mest prekært i små distriktskommunar, og meinte at eit godt fungerande helsevesen i alle kommunar er naudsynt for å oppretthalde levande og gode fjellkommunar.



Utfordringar med rekruttering fører til at distriktskommunar får auka utgifter for å sikre gode tenester for sine innbyggjarar. Dette er ein uholdbar situasjon for distrikta. Tilbodet med desentraliserte spesialisthelsetenester bør vidareutviklast og styrkast. Fjellnettverket meiner det hastar å finne gode løysingar på dei store utfordringane me som samfunn står ovanfor innan helse- og omsorg, og dette er spesielt viktig for distriktskommunane. Gode, likeverdige helse- og omsorgstenester over heile landet krev at vi som samfunn gjer omstillingar og at det blir utdanna tilstrekkeleg helsepersonell i framtida.

[Sats på gode helsetenester både i bygd og by - Fjellnettverket](#)

Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida

Regjeringa la I 2024 *Meld. St. 27 (2022–2023) Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida* fram for Stortinget. Meldinga vart behandla i Kommunal- og forvaltningskomiteen. I høyringa og i notat til medlemmane i komiteen støtta Fjellnettverket regjeringa sitt mål om å auke folketalet i distrikta. Det er heilt nødvendig med ein offensiv og framtidsretta distriktpolitikk.

Vidare meinte Fjellnettverket at meldinga omtalar viktige distriktsutfordringar, men sette spørsmål ved at situasjonen i fjellområda i Sør-Noreg ikkje er tatt med i meldinga. Samla er det over hundre fjellkommunar i Sør-Noreg. Fjellområdas tyding for ei berekraftig samfunnsutvikling og ressursutnytting får stadig større merksemd internasjonalt.

I Noreg er distriktpolitikken i liten grad retta inn mot desse områda spesielt, og tek ikkje høgde for dagens utfordringar i fjellområda. I meldinga blir situasjonen i Nord-Norge vurdert samla og ut frå fleire parameter, men fjellområda i sør har ikkje fått ei slik samla vurdering, til tross for at mange av utfordringane er like.

Det trengs ein plan for utvikling av fjellområda i tråd med det grøne skiftet. Den bør innehalde langsiktige planar og verkemiddel for å sikre etablering av nye, framtidsretta næringar i distrikta, tilgang på risikokapital, og korleis me skal bruke naturressursane i framtida, slik at dei kjem både landet og lokalsamfunna til gode.



Reisemål for ei berekraftig framtid.

I NOU 2023:10 – *Leve og oppleve – Reisemål for en bærekraftig framtid*, la utvalet fram ei rekke forslag til korleis reiselivet bør utvikle seg framover.

I høyringssvaret la Fjellnettverket vekt på at det er ei grundig og god utreiing, og vi støttar utvalet i at ei utvikling av reiselivet må skje på ein slik måte at det skapar attraktive lokalsamfunn. Fjellnettverket kommenterte spesielt utvalet sine forslag knytt til regenerativt reiseliv, kommunane si rolle i arbeidet, fellesgodefinansiering og transport.

[Reiselivet i framtida - Fjellnettverket](#)

Proessen rundt tiltaksplanar for villrein



Eit samla rådsmøte i Fjellnettverket bad om at det straks blir gjort endringar i prosessane rundt tiltaksplanar for villrein, slik at kommunane blir godt involverte i dette arbeidet.

Fråsegna frå rådsmøtet vart sendt til miljø- og klimadepartementet

[Proessen rundt tiltaksplanar for villrein - Fjellnettverket](#)



FJELLNETTVERKET



Nye vedtekter for Fjellnettverket

Styret og sekretariatet har i løpet av året arbeidd med å finne gode løysingar på organisering av Fjellnettverket i samband med innføring av ny kommunelov. Styret har ynskje om å behalde dagens organisering. Det er teke kontakt med Buskerud fylkeskommune, som har det administrative ansvaret for nettverket, og informert om styret sitt ynskje. På grunn av deling av Viken og oppretting av nytt fylke har Fjellnettverket ikkje fått noko svar frå fylkeskommunen om denne saka.

Nasjonalt senter for fjellandbruk

I 2015 vart forskingsstasjonen og NIBIO si verksemd ved Løken gård i Øystre Slidre kommune nedlagt. Garden har vore ein statleg forskingsstasjon for fjellbygdene sidan 1922, og ein base for koordinering av forskning særleg på engvekster og grovfôrressursar, beitebruk og biologisk mangfald i stølsområda.



Styret i Nasjonalt senter for fjellandbruk og landbruks- og matminister Sandra Borch



Med dette som bakgrunn gjennomførte Norges Vel eit forprosjekt i 2019 og 2020, på oppdrag frå Øystre Slidre kommune. Fjellnettverket deltok i dette forprosjektet med erfaringar og statistikk. Forprosjektet inkluderte ei omfattande kartlegging som avdekkja eit stort behov og ønske frå eit breitt spekter av interessentar i fjellregionen om ei satsing på fjellandbruket. Resultatet av kartlegginga viste at ei nasjonal eining vil kunne bidra til å nytte ressursar og moglegheiter som finnast på tvers i fjellregionen. Eit senter for fjellandbruk i form av eit nettverk kan vere eit verktøy for å oppnå ei slik utvikling. Norges Vel og Øystre Slidre gjekk derfor vidare med å initiere ein etableringsfase for eit nasjonalt senter for fjellandbruk.

Senteret vart formelt opna av landbruks- og matminister Sandra Borch. Dagleg leiar i Fjellnettverket har bidrege inn i arbeidet gjennom deltaking i styringsgruppa, ho har vore leiar av interimstyret og sit nå i styret i Nasjonalt senter for fjellandbruk.

Norsk seterkultur på Unescos verdsarvliste

I dag er det under 900 aktive setrer i drift, og dei fleste av desse høyrer heime i fjellområda. Fjellnettverket ynskjer å bidra til å styrke seterdrifta.

Norsk seterkultur har sett i gang eit arbeid med å få seterkultur inn på UNESCO-lista for immateriell kulturarv. Det er utarbeidd ein prosjektplan for prosjektet som har fått tittelen *En bærekraftig norsk seterkultur - på UNESCOs representative liste for immateriell kulturarv*. Fjellnettverket bidreg inn i arbeidet som deltakar i ressursgruppa. Søknaden til Unesco er sendt inn og til behandling.



FJELLNETTVERKET





FJELLNETTVERKET SKAL

FORMIDLE KUNNSKAP OM FJELLOMRÅDA

Kunnskap om utfordringar og moglegheiter i fjellbygdene er grunnlaget for god politikk. I tett samarbeid med fagmiljø og andre organisasjonar skal Fjellnettverket bidra til kunnskap om utviklinga i fjellbygdene.

Fjellindeksen



I samarbeid med Fjell-Forsk-Net vart det i 2017 starta eit utviklingsarbeid for å lage ein felles indeks for fjellkommunane. Målet er at fjellindeksen skal gje eit grunnlag for vidare kunnskapsutvikling i fjellområda, og kunnskap som kan vere grunnlag for ny politikk.

I 2020 vart indeksen digital, og i 2023 vart han oppdatert fleire gonger med nye tal. Indeksen brukar tilgjengelege data og stiller desse saman for fjellkommunane samla og enkeltvis. Fjellindeksen viser mellom anna



næringsutvikling, sysselsetting og befolkningsutvikling i fjellområda for kvar enkelt fjellkommune og for fjellområda samla. Fjellindeksen blir brukt både av medlemmane og i arbeidet til Fjellnettverket.

For å informere medlemmane vart det arrangert eit digitalt seminar der forskar Knut Vareide gjekk gjennom oppdaterte tal og status for fjellkommunane.

Det er Telemarksforskning som har utvikla indeksen, og han er tilgjengeleg for medlemmene på www.regionalanalyse.no/fjell

Konferansar og fagdagar

Rådsmøte i Fjellnettverket

Møtet vart gjennomført 23. mai i 2023. I tillegg til å handsame årsrapport, handlingsplan, rekneskap og budsjett, var det fleire orienteringssaker på agendaen. Rådsmøtet fekk presentasjon av arbeidet med Entré Øyer og berekraftig mobilitet i fjellområda ved ordførar i Øyer Jon Halvor Midtmageli, arbeidet med Bondens Bord ved Tina Løken Mestrand, fjellbonde frå Vågå, og status for Nasjonalt senter for fjellandbruk.

Fjellkonferansen Ei berekraftig framtid

Fjellkonferansen 2023 vart arrangert på Røros 28.-29. november. Målet er at konferansen skal vere ein møteplass for politikk, administrasjon og næringsliv i fjellområda. Konferansen vart arrangert i samarbeid med Trøndelag fylkeskommune og Røros kommune. Det var om lag 90 deltakarar på konferansen.

Det var to innhaldsrrike dagar, og me tok opp tema som:

- Næringsliv i fjellområda
- Erfaringar frå tilflyttingsarbeid og distriktssatsingar i fjellområda
- Rekruttering
- Bruk av areal og utmark
- Beredskap og katastrofar
- Distriktspolitikk

Evalueringa i etterkant viste at deltakarane var svært godt eller godt fornøgde med konferansen og svært godt eller godt fornøgde med det faglege innhaldet. Ei av målsettingane med konferansen er å vere ein møteplass, og i evalueringa



kjem det fram at deltakarane opplevde konferansen som ein god arena for å bygge nettverk.

Utviklingsverkstadar

I arbeidet med Mat og opplevingar er det i løpet av 2023 gjennomført utviklingsverkstadar i Telemark og Buskerud, og med det er det gjennomført verkstadar i Buskerud, Innlandet og Telemark.

Målsetjinga med verkstadane er å styrke konkurransekrafta til verksemdene gjennom å auke kunnskapen om berekraftig bruk av lokale ressursar som grunnlag for utvikling i fjellområda.

Med bakgrunn i rapporten *“Mat og opplevingar i fjellet – berekraftig bruk av lokale ressursar»* vart berekraft vald som tema for verkstadane i Buskerud og Telemark. På verkstaden møttest verksemdar frå ulike bransjar, verkemiddelapparat og utviklingsmiljø for å bygge nettverk og arbeide med problemstillingar knytt til berekraft. Mange av verksemdene i fjellområda er små, og gjennom å legge til rette for møteplassar utvekslast kunnskap og erfaringar som kan inspirere til innovasjon og til at nye idear setjast ut i livet.

Rådgevarar frå fylkeskommunane, statsforvaltarane og Innovasjon Noreg var i tillegg til kompetansemeklarar inviterte med som deltakarar.



FJELLNETTVERKET SKAL

DELTA AKTIVT I INTERNASJONALT SAMARBEID

Fjellnettverket samarbeider med Euromontana. Målet med samarbeidet er å påverke politikk som i stadig aukande grad blir utvikla på dei internasjonale arenaene.

Gjennom samarbeid med den europeiske organisasjonen Euromontana har Fjellnettverket eit breitt samarbeid ut mot Europa. Fjellnettverket koordinerer fellessaker, og har kontakt med styremedlemmane i Euromontana og dei administrative følgjerepresentantane. Dei norske styremedlemmane i Euromontana har observatørstatus i styremøta i Fjellnettverket. Dette for å sikre god kontinuitet og samanheng i arbeidet mellom Fjellnettverket og Euromontana. Fjellnettverket har i 2022 samordna val av ny representant til styret i Euromontana

I Euromontana blir det arbeidd med å representere fjellsamfunn gjennom regelmessig kontakt med europeiske institusjonar, regjeringar og tverrnasjonale organisasjonar som forvaltar av fjellområda.

Fjellnettverket har i 2023 arrangert fleire møte med dei norske medlemmane i Euromontana. På møta har både politikarar og administrasjon delteke. På møta har kommande saker og felles norske interesser vore drøfta.

Det er Aud Hove, Olav Skinnnes og Kjell Overvåg som representerer dei norske medlemmane i Euromontana.



FJELLNETTVERKET KAN SETJE I VERK

EIGNE PROSJEKT OG TILTAK

Mat og opplevingar i fjellet

Prosjektet «Mat og opplevingar i fjellet» er ei langsiktig satsing for å styrke fjellområda som mat- og reiselivsregion. Fjellnettverket har sett i gang prosjektet av to grunnar; For det fyrste at kartlegging av utviklinga og næringsgrunnlaget i fjellområda gir grunn til stor uro. Den andre er erfaringar og innspel frå verksemder og samarbeidspartnarar som deltok i arbeidet med Internationale Grüne Woche i 2018, 2019 og 2020.

Arbeidet med prosjektet er delt inn i tre ulike delprosjekt, og i 2023 er det arbeidd med to av desse:

- Fjellmat og fjelltur: som handlar om å auke nyskapinga og verdiskapinga for verksemdene
- Bondens bord (tidlegare Fjellheim): som handlar om å gjere det enklare å tilby matserving frå private hushald.

Arbeidet med det tredje delprosjektet vart i hovudsak avslutta i 2022, og resultatane ligg til grunn for arbeidet i dei to andre delprosjekta.

Delprosjekt Fjellmat og fjelltur:

Sentralt i arbeidet er å bidra til auka verdiskaping og innovasjon gjennom lærande nettverk, som i prosjektet kallast for rasteplassar. Rasteplassane er møteplassar, lærings- og kompetansedelingsarenaer der verksemder frå ulike bransjar, politikarar, utdannings- og forskingsinstitusjonar, verkemiddelapparatet og andre møtast. Rasteplassane skal bidra til å utvikle tillit mellom dei ulike aktørane, noko som er avgjerande for verdiskaping. Rasteplassane kan ha ulike former, slik som nettverkssamlingar, studiereiser og arbeidsverkstadar. I løpet av året er det gjennomført webinar, nettverksmøte, studietur og utviklingsverkstadar.

Delprosjekt Bondens bord:



Det langsiktige målet er, etter inspirasjon frå Færøyane, å gjere det enklare med matservering frå eige kjøken på eit gardsbruk, og at det skal nyttast eigenproduserte eller lokalproduserte produkt i serveringa. Forsking og undersøkingar gjort av Innovasjon Noreg og andre viser at fleire reisande ynskjer seg spesielle opplevingar knytt til mat, kultur og opplevingar, og at forbrukaren ynskjer å kjøpe mat der ein kan spore tilbake og vite korleis maten er produsert og kva for ei reise han har hatt. I rapporten «Mat og opplevingar i fjellet – berekraftig bruk av lokale ressursar» peikast det på at dersom reiselivet skal bli meir berekraftig, så må ein kople reiseliv og lokalprodusert mat til opplevingar for den besøkande.

Hausten 2022 vart det utarbeidd kriterium og sendt ut invitasjon til å vere med på å teste ut korleis ordninga fungererar i praksis. I invitasjonen vart det lagt vekt på at dei som skal vere med må drive gard, dei må produsere eigne produkt, og dei må ha lyst til å prøve ut noko nytt.

Responser på invitasjonen vart større enn forventa og det vart valt ut tolv verksemdar til å vere med i prøveordninga. Nokre av deltakarane har deltatt i tidlegare prosjekt i regi av Fjellnettverket, nokre meldte seg på sjølv og nokre vart anbefalt av andre. Alle gardsbruka driv med ulike produksjonar og ynskjer å teste ut ordninga på forskjellige måtar.

Dei som er valde ut til å vere med i prøveordninga er:

Søre Brøstrud gård - Johan og Urda Høglund (Nore og Uvdal kommune - Buskerud)
Gurostølen - Jarle Rueslåtten og Rakel Hodne (Hol kommune - Buskerud)
Nerol gard - Marit Nerol (Hol kommune - Buskerud)
Nordre Espeset - Else Asplin (Nesbyen kommune - Buskerud)
Berghei Gård - Monica Kvakksund Sæter (Tinn kommune - Telemark)
Stordalen Gardsbruk - Marita Stordalen (Tinn kommune - Telemark)
Tjønnås Økogård - Torill Møinichen Skårdal (Hjartdal kommune - Telemark)
Brekke gård - Line Berget Hedegart (Notodden kommune - Telemark)
Mestrand gard - Tina og Øyvind Mestrand (Vågå kommune - Innlandet)
Nørrestogo og Olestølen hos Skimakern og Budeia - Kathrin og Thomas Aslaksby (Øystre Slidre kommune - Innlandet)
Steig Gard - August og Karen Elise Steig (Sør-Fron kommune - Innlandet)
Vingelfarmen - Oskar Tørres Lindstad (Røros kommune - Trøndelag)

I løpet av hausten var dei fyrste verksemdene klare til å ta imot gjester til servering i kjøkenet sitt. Erfaringane frå verksemdene og tilbakemeldingane



frå gjestene er gode. I løpet av vinteren og våren vil òg dei resterande gardsbruka vere i gang med å teste ut ordninga.

I arbeidet er det lagt opp til å jobbe innanfor eksisterande regelverk, som betyr at det er ei rekke krav som må oppfyllast før verksemdene kan ta imot gjester for servering. Verksemdene må mellom anna registrere seg som serveringsverksemd hos Mattilsynet, bestå etableringsprøve og søke kommunal godkjenning.

Med utgangspunkt i behova til verksemdene er det gjennomført ei rekke aktivitetar for å styrke kunnskapen og gjere verksemdene klare til å starte opp med serveringa frå eige kjøken. For å hjelpe deltakarane i problemstillingar knytt til mattryggleik og bruk av eige kjøken har «Kompetansenettverket for lokalmat øst» ytt hjelp til deltakarane. Deltakarane har òg fått tilbod om kurs i sal, marknadsføring, fotografering, bruk av sosiale media og tilbod om kursmateriell for kurs i etableringsprøve og kunnskapsprøve om alkohollova. Det er lagt stor vekt på nettverksbygging mellom deltakarane, og at nettverket skal bruke og støtte kvarandre til å løyse utfordringar i arbeidet. For at deltakarane skulle bli kjent med kvarandre er det gjennomført ei oppstartssamling, og det er faste digitale nettverksmøte kvar andre veke.

I løpet av hausten er det gjennomført studietur til Færøyane. Deltakarane hadde eit stort ynskje om å sjå korleis Heimablidni på Færøyane gjennomførast i praksis, da det er denne ordninga som har gitt inspirasjon til prøveprosjektet. Målet med turen var å lære meir om Heimablidni, sjå korleis verksemdene på Færøyane løyser praktiske problem, og byggje nettverk mellom verksemdene som er med i prøveprosjektet. På programmet var det lagt inn besøk hos fleire ulike Heimablidni-verksemdar og eit besøk hos visit Færøyane.

For å synleggjere verksemdene som er med i prøveprosjektet er det laga ein presentasjonsfilm om ordninga. Hovudopptaket er gjort hos ei av verksemdene. I tillegg er det laga korte filmar frå kvar av deltakarverksemdene. Kortfilmene er sett saman av element frå hovudopptaket og element som deltakarane har filma sjølve. Filmene skal brukast til marknadsføring i sosiale media og på nettside.

I løpet av prosjektåret har det vore jamleg dialog med Mattilsynet om arbeidet med prøveprosjektet. Gjennom e-postar og digitale møte er Mattilsynet orientert om kva prøveprosjektet handlar om, korleis ein ser føre seg at



FJELLNETTVERKET

ordninga kan sjå ut i Noreg, og val av deltakarar til å vere med i prøveordninga. Mattilsynet har kome med tips og råd, og har formidla informasjon om ordninga internt i sitt system.

www.fjellnettverket.no



FJELLNETTVERKET